



Britt Lise Moldrheim
Skurtveitvegen 47
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/912 - 17/9102

Saksbehandlar:
Lillian Straumøy Brakstad
lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:
05.05.2017

Godkjenning - løyve til tiltak utan ansvarsrett - oppføring av garasje med bod på loft på Skurtveit, gbnr 48/51.

Administrativt vedtak. Saknr: 120/2017

Tiltakshavar: Britt Lise Moldrheim/Jørgen Skibenes

Tiltak: Søknad om tiltak etter plan og bygningslova (pbl) § 20- 4 , jf § 20- 1 .

Saksutgreiing:

Det vert vist til søknad etter Plan- og bygningslova § 20- 4, motteke 18.04.2017 i Meland kommune. Søknaden gjeld oppføring av garasje på 65,5 m² utan målbart areal på loft på gbnr 48/51 på Skurtveit.

Vurdering:

Planstatus:

Eigedomen er i kommuneplanen sin arealdel avsett til LNFR-areal, spreidd bustadbygging (SB_16). Administrasjonen vurderer at omsøkt tiltak er i samsvar med kommuneplanen sin arealdel.

Nabovarsling:

Søknaden vart nabovarsla i perioden 07.04.-11.04.2017 i samsvar med pbl § 21- 3. Det er ikkje motteke merknader frå nok on av dei varsla partane. Tiltaket vert etter dette rekna som tilstrekkeleg varsla, jf. pbl § 21 - 3.

Plassering av tiltaket, høgde og avstand frå nabogrense:

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden, jf vedlagt situasjonsplan motteke 18.04.2017. Eigarar av gbnr 48/47 har samtykka i at garasjen vert plassert i grense mellom gbnr 48/51 og gbnr 48/47. Tiltaket er i samsvar med Pbl § 29 - 4.

Parkering og utandørs opphaldsareal:

Parkeringsareal og utandørs opphaldsareal er i samsvar med retningsliner i kommuneplanen sin arealdel.

Planløyving og utsjånad:

Postadresse
postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt
www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Tiltaket har forsvarleg planløyising og utsjånad og er i samsvar med Pbl § 29- 1 .

Vedtak

«Meland kommune gjev i medhald av av pbl § 20-4 løyve til oppføring av garasje med eit samla BYA på 65,5 m2 i samsvar med søknad og teikningar motteke 18.04.2017, på gbnr 48/51 – Skurtveit.

Loftrummet skal ikkje nyttast til varig opphald.

Plassering og utføring av tiltaket skal vera som vist på vedlagt situasjonsplan og plan-, snitt og fasadeteikningar godkjend 05.05.2017 og i samsvar med erklæring frå eigarar av gbnr 48/47.

Opplysningar om byggjetiltak og tiltakshavar som kjem fram av søknaden vert registrert i Matrikkelen, jf matrikkellova, som er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så framt det ikkje er gjort unntak.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyvet er gitt, fell det bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf pbl § 21-9.»

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Gebyr

Gebyr for sakshandsaming vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

48-51

Mottakere:

Britt Lise Moldrheim
Jørgen Skibenes

Skurtveitvegen 47 5917
Skurtveitvegen 47 5917

ROSSLAND
ROSSLAND